



Eigaren av Vertshuset har fått ei avviklsliste. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Det har vore branntilsyn ved Vertshuset ved branningeniør Stein Kyrre Kvinge og rapporten frå tilsynet inneheld fleire avvik. Mellom anna blir det påpeika at det ikkje var utarbeida instruksar og planar med tanke på brann. Slike instruksar skal seie noko om kva oppgåver dei ulike tilsette skal ha.

Branninstruks for gjester skal hengast opp lett synleg og instruks for tilsette skal vera lett synleg for dei.

Dette er dei andre avvika:

- * Det er sett inn ei gamal, uklassifisert dør inn mot loftsrom.
- * Det vert ikkje utført systematisk eigenkontroll av branntekniske installasjonar. Desse skal ettersjåast jevnleg for å sikra at dei er i god stand.
- * Det vert ikkje utført sakkunnig kontroll av branntekniske installasjonar. Det gjeld mellom anna sløkkjeapparat, brannslangar og brannalarmanlegg.
- * Det kunne ikkje leggst fram oppdaterte brannteikningar under tilsynet. Desse skal til dømes vise plassering av sløkkjeutstyr, brannalarmsentral, rømningsveggar og brannceller.
- * Tilsette hadde ikkje fått opplæring vedrørende brann. Alle tilsette skal ha opplæring i kva dei skal gjere ved brann.

Kvinge skriv i rapporten at dette er det første tilsynet som vert gitt i bygget med nye eigarar og ny drift og at det fortsatt er ein del som må på plass før ein har eit akseptabelt tryggleiksnivå.

Det vart sagt under tilsynet at brannalarmanlegget har løyst ut ein del gonger på grunn av matlaging. Kvinge kommenterar dette med at hvis det er eit problem, kan det vera lurt å nemne dette før ein skal ha service på anlegget.

Vertshuset ynskjer og å auka talet på personar dei kan ha inne. Eit tiltak for å auke det lovlege persontalet kan vere å bytte ut skyvedørane på framsida av bygget med dørar som kan brukast i rømningsveg, skriv branningeniøren.

Av Ola Matti Mathisen